






## Referat




### Samarbeidsrådet for Voss lokalsjukehusområde


<b>Dato og tid:</b>	14.mai 2020, kl. 10:00 – 12:15
<b>Møtestad:</b>	Digitalt møte på Teams
<b>Møteleiar:</b>	Åslaug Bøhn Botnen
<b>Til stades:</b>	Madeleine B. Skjelde (Voss sjukehus), Ida C. Eide Aabrek (brukarrep.), Stein Johnny Heggstad (brukarrep.), Kjersti Nordanger (Voss), Olav Lødemel (Voss sjukehus), Åshild Sønsteby (Ulvik), Grete Lill Hjartnes (Helse Bergen/SSE), Britt Heidi Tefre (NSF), Solrun Hauglum (Vaksdal), Åslaug B. Botnen (Kvam), Frédéric E. Larsen (Voss DPS NKS Bjørkeli), Randi-Luise Møgster (HUS), Rita Høvset (Eidfjord); Odd Ivar Øvregård (prosjektleiar utviklingsplanen)
<b>Fråfall:</b>	Ragnhild Rykkje (fagforbundet)
<b>Referent:</b>	Reidun Braut Kjosås (SSE)

<b>Nr.</b>	<b>Saksliste</b>	<b>Saks-type</b> (Vedtak Drøfting Orientering)	<b>Vedlegg</b>
15/20	<b>Godkjenning av innkalling og saksliste</b> Innkalling og saksliste vart godkjent utan merknader.	V	
16/20	<b>Godkjenning av referat frå møtet 24.februar 2020</b> Referatet vart godkjent utan merknader		
17/20	<b>Referat frå underutvala</b> Samarbeidsrådet oppmodar om å gjennomføra digitale møter i underutvala. <ul style="list-style-type: none"><li>○ Underutval barn og unge<ul style="list-style-type: none"><li>○ møte 27.02.2020</li></ul>Ingen merknader</li><li>○ UFAB<ul style="list-style-type: none"><li>○ møte 03.03.20</li></ul>Ingen merknader</li><li>○ Underutval for rehabilitering</li></ul>	O	 Sak 17_Notat_avlysing av

	<ul style="list-style-type: none"> <li>○ møte 13.05.20</li> </ul> <p>Møtet i underutvalet var dagen før møte i Samarbeidsrådet (SR). Referatet frå underutvalet vart derfor ettersendt til SR dagen før møtet. Sak 9/20 handla om den planlagde lokalsjukehuskonferansen som vart avlyst på grunn av koronasituasjonen. Kontrakten som var signert med hotellet innebar full betaling. Fakturaen er betalt av Voss sjukehus. Sjå vedlagt notat om avlysinga av lokalsjukehuskonferansen, samt budsjettet.</p>		 Sak 17_Budsjett 2020 Lokalsjukehus
18/20	<p><b>Covid 19</b></p> <p>Randi-Luise Møgster orienterte om saka. Presentasjonen frå orienteringa ligg ved.</p> <p>En god samhandlingsstruktur som fungere samt en signert pandemiavtale har vore gull verdt i samarbeid omkring covid-19 situasjonen. Koordineringsgruppen har hatt møter kvar veke i denne perioden. Kjersti Nordanger og Dag Erlend Skjelbreid har vore våre kommunrepresentantar frå vårt lokalsjukehusområde.</p> <p>Voss sjukehus opplyser at samarbeid med interkommunal legevakt og Voss kommune som vertskommune har fungert bra til tross for ikkje optimale lokale.</p> <p>Fleire tilsette ved legevakta har ikkje hatt noko god oppleving av flytting av legevakta (vanskelege lokale, fleire meldte avvik). Vertskommunen (Voss herad) er kjent med at det er ulike opplevingar om korleis dette har fungert og alle er samde om at lokala ikkje er optimale. Løysingen har vore ok under omstendigheitene og tidsperspektiva ein har jobba under. Alle ser fram til å flytta tilbake i dei opphavelige lokala den 2.juni.</p>	O	 Sak 18_Pandemi_kommu
19/20	<p><b>Prioritering i kommunale helse- og omsorgstenester under covid-19 epidemien.</b></p> <p>Grete Lill (SSE) ga ei kort orientering om saka.</p> <p>Randi-Luise som leiar Koordineringsgruppa (covid-19 situasjonen) opplyser om at Koordineringsgruppa er opptatt av å ikkje gå utover sitt mandat. Det er derfor viktig at utvida fullmakt vert gjet av SR.</p> <p><b>Vedtak:</b></p> <p>Samarbeidsrådet for Voss lokalsjukehusområde støttar samarbeidssekretariatets tilråding og ber om at punkta i notatet frå Helsedirektoratet som omhandlar samhandling og samarbeid mellom kommunar og spesialisthelsetenesta vert vurdert og fylgt opp i koordineringsgruppa.</p>	V	
20/20	<p><b>Handlingsplan 2020</b></p> <p>Reidun (SSE) orienterte kort om saka og gjekk gjennom status for dei ulike tiltaka i handlingsplanen.</p>	O	

	<p>Samarbeidsrådet støttar tilrådinga frå SSE. Korona situasjonen er ingen «sprint men eit langt maraton». Det er derfor viktig å prioritera oppstart av tiltak som har stått på vent.</p> <p><b>Vedtak:</b> Samarbeidsrådet i Voss lokalsjukehus område tek status for tiltaka i felles handlingsplan 2020 til orientering, og støtter SSE si tilråding om prioritering av tiltak.</p>		
21/20	<p><b>Revisjon av Tenesteavtale 10 – Samarbeid om førebygging</b> Reidun (SSE) orienterte kort om saka.</p> <p>I arbeidet med tenesteavtale 10 om førebygging er det viktig å sikra kompetanse på rus og psykisk helse. Samarbeidsrådet vil derfor be SSE ta høgde for at arbeidsgruppa innehar kompetanse på dette feltet.</p> <p><b>Vedtak:</b> Samarbeidsrådet for Voss lokalsjukehusområde støttar forslag til prosess og melder namn på aktuelle kandidatar til Samarbeidssekretariatet innan 1. juni 2020. Samarbeidsrådet ber i tillegg SSE sikre at arbeidsgruppa har deltakarar med kompetanse på rus og psykisk helse.</p>	V	
22/20	<p><b>Felles utviklingsplan</b> Åslog som leiar av samarbeidsrådet og Randi-Luise som leiar av styringsgruppa for utviklingsplanen ønskja begge Odd Ivar velkommen til møtet.</p> <p>Odd Ivar Øvregård er tilsett som prosjekt leiar for «felles utviklingsplan», han orienterte om sak.</p> <p>Samarbeidsrådet er positive til at ein brukarrepresentant deltek i styringsgruppa</p> <p>Forankring av arbeidet og involveringa av interessentar er viktig og vil krevja ein prosess. Pandemisituasjonen gjer det ekstra utfordrande. På same tid er framdriftsplanen særskilt krevjande. Men det skal være mogleg å få dette i hamn.</p> <p>For å sikra forankring og involvering er det nyttig å etablera dialog med alle partar (fagleg, og administrativ, politisk). Prosjektleiar lagar ein plan for dette.</p> <p>Samarbeidsrådet har ingen merknader/presiseringar til direktivet slik det ligger pr. nå. I vidare arbeid med planen er det viktig for vårt lokalsjukehusområde at det vert teke høgde for at me i vårt område mellom anna har ein lokalsjukehus struktur.</p> <p><b>Vedtak</b> Samarbeidsrådet for Voss lokalsjukehus tek saka til orientering.</p> <p>I vidare arbeidet er det viktig å ta høgde for vår lokalsjukehus-struktur.</p>	O/D	
23/20	<p><b><a href="#">Saman.no</a> - Ressursar til utvikling og oppdatering</b> Grete Lill (SSE) orienterte om sak</p>	V	

	<p>Samarbeidsrådet er svært godt fornøgd med den nye nettsida til saman.no. Det kom og ei oppfordring om at alle må bidra i arbeidet med å gjera sida kjent.</p> <p><b>Vedtak</b> Samarbeidsrådet for Voss lokalsjukehusområde støttar SSE sitt forslag om å setja av midlar til frikjøp av ressurs som skal bistå SSE i arbeidet med felles nettside, og sluttar seg til at kostnader vert fordelt etter gjeldande fordelingsnøkkel.</p>		
24/20	<p><b>LKT prosjektet</b> Randi-Luise orientering om møtet i styringsgruppa for LKT-prosjektet (sjå vedlegg)</p> <p>Kjerneteamet har utarbeidet en fylldig rapport (blir lagt på <a href="http://www.saman.no">www.saman.no</a> ) . Det er og laga ein kortversjon av rapporten (sjå vedlegg).</p> <p>Brukarane har skrive ei uttale til styringsgruppa for LKT-prosjektet og er glade for at prosjektet går vidare i den forma det no gjer.</p> <p>Vedtak gjort i styringsgruppa for LKT-prosjektet: <i>Styringsgruppen godkjenner rapporten og anbefaler at LKT-prosjektets arbeid videreføres som skissert i alternativ 2.</i></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• <i>Ta i bruk kunnskap, erfaringer og løsningsforslag fra LKT-prosjektet i samarbeidspartenes utvikling og planlegging av tjenester til de fire pasientgruppene Helsefelleskapene er bedt om å prioritere. (Jf. Nasjonal helse og sykehusplan 2020-2035).</i></li> </ul> <p><i>Styringsgruppen anbefaler at rapporten fra LKT-prosjektet gjøres tilgjengelig og at det legges til rette for at LKT-rammeverket prøves ut i lokalt utviklingsarbeid.</i></p> <p><i>Styringsgruppen ber leder presentere styringsgruppens vedtak i de fire samarbeidsutvalgene i mai 2020.</i></p>	0	 Sak 24_Styringsgruppa C   Sak 24_Kortversjon_Rappo
25/20	<p><b>Toppleiarmøtet 2021</b> Kommunane i Voss lokalsjukehusområde har teke på seg å vera arrangør for toppleiarmøte januar 2021.</p> <p>Kommunalsjefane avtaler eit eige møtet der tid og stad for konferanse vert avgjort.</p> <p><b>Vedtak</b> Samarbeidsrådet tek orienteringa til vitande.</p>	0	
26/20	<p><b>Avansert heimesjukehus for barn og unge</b> Randi-Luise orientering om saka. Sjå vedlagt presentasjon.</p> <p><b>Vedtak</b></p>	0	 Sak 26_Avansert heimesjukehus_RLM

	Samarbeidsrådet tek orienteringa til vitande.		
27/20	<p><b>Eventuelt</b></p> <p><b>Brukarorganisasjonane - Pasientreiser og smittevern</b>  Brukarorganisasjonane får tilbakemelding om at lokale sjåførar ikkje har fått retningslinjer knytt til smittevern.  Randi-Luise opplyser om at det er gjennomført opplæring av transportpersonell. Det er styrka med fleire bilar. Helse Bergen vil sjekka opp i saka.</p> <p><b>Kort orientering frå partane</b></p> <p><b>Voss sjukehus</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- I pandemiplanen er Voss sjukehus til ei kvar tid rigga for å ta i mot pasientar med covid-19. I sommarferien vil ikkje Voss sjukehus ta imot intensivpasientar med covid-19. Desse pasientane vert i sommaren sendt direkte til Haukeland universitetssjukehus. Det er svært god samhandling mellom HUS og Voss sjukehus omkring pasientflyt. Det er og samhandling mellom HUS og Voss lokalsjukehus knytt til personell. Intensivsjukepleiarar frå Voss vil i ferieperioden ta vakter på HUS.</li> <li>- Det blir vanleg ferieavvikling ved sjukehuset</li> <li>- Alle tilbod (bortsett frå til covid-19 pasientar) vil gå som normalt ved Voss sjukehus i ferieperioden.</li> <li>- Vedlagt figur viser tal utskrivingsklare pasientar frå Voss sjukehus dei siste 3 åra fordelt på månader. Kanskje me her ser ein Korona-effekt?</li> <li>- Sjukehuset har og planer og avtaler for utviding av tal senger dersom smittesituasjonen krev dette</li> </ul> <p><b>Voss kommune</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Interkommunal legevakt har ikkje hatt tilfredsstillande lokale den siste tida. Dei flytter tilbake til sin egne lokale 2.juni.</li> <li>- Voss har planar for å kunne ta i mot 12 pasientar dersom pandemi-situasjonen vert forverra og mange vert smitta.</li> <li>- Voss ønskjer å gå i dialog med kommunane i regionen om eventuelt samarbeid dersom en situasjon med mange smitta skulle oppstå.</li> <li>- Voss har etablert ein eigen luftvegspoliklinikk i den perioden me har vore gjennom.</li> </ul> <p><b>Kvam herad</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- har og planer for inntil 12 senger dersom behovet oppstår.</li> <li>- har og eigen luftvegspoliklinikk</li> <li>- positiv til dialog og samarbeid</li> </ul> <p><b>Eidfjord</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- har planer for inntil 7 senger.</li> <li>- Har etablert samarbeid med Ulvik</li> </ul>		 <p>Sak 27_Oversikt over utskrivingsklare</p>
	<p><b>Neste møte tysdag 15.sep 2020</b>  Det er usikkert om møtet blir på Teams eller fysisk. Dette kjem ein tilbake til.</p>		

Åslaug Bøhn Botnen  
Leiar